

ÅRSMELDING 2006 BJØRKEDAL KYSTLAG

STYRET:

Leiar: Tove Aurdal Hjellnes

Kasserar: Olav Nilsen

Styremedl.: Ståle Mek

Ottar Bjørkedal

Erling Bjørkedal

Vara: Erlend Helset

Nils Ola Skuset

Olav Eidseflot har vore revisor.

Valnemnd har vore Anders Bjørkedal (leiar), Sivert Bjørkedal og Sverre Sundalsfoll.

MØTER:

Årsmøte 29.april 06.

4 styremøter.

Tove var på fylkesårsmøtet i Molde i mai.

YMSE

Deltok på Maritime dagar på Eid 27.mai. Ottar og Ola demonstrerte båtbyggjing.

Vi har fått to gamle båtmotorar fra Sæbø. Den eine var ein Albin frå før krigen.

I naustet til Elias Mek på Straumshamn fikk vi leite etter skattar og kom heim med ein tilhengar full av gamle nøter, liner, barkekjele, vadbein med mer.

I Volda fikk vi ein 100 år gamal båt som kom frå Sjøholt. Opphavelag bygd for segl, men innsatt ein liten bensinmotor seinare. Litt større enn ein færing. Den er i god stand. Treng berre litt vøling for å kome på sjøen igjen.

Vi har også fått ein Bjørkedalsfæring gjennom Sunnmøre museum. Den er 6 m lang og er merka "BG Birkedal".

Og Volda sogelag har vedteke at vi får Linastova som dei plukka ned på Heltne for noko år sidan. Dette er ei gml tømmerstove.

Erlend har fortsatt med registreringsarbeidet. Han har m.a laga avskrift av kontraktsboka frå Jakobsgarden. Han og nokre til har intervjuet Ola Bjørneset.

Eit interimsstyre har arbeidd med å skille ut og organisere Bjørkedal båtsamlinger som eit eige lag.

Medlemstal: 46